



Stemmingsbilete nær midnatt under Festivalen fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Festidalen-arrangørane hadde vergudane hundre prosent på si side fredag og vart belønna med ein svært god festivalstart. Ved midnatt var publikumstalet i ferd med å passera 500 og det var festivalleiinga ved Sveinung Mæland Pile og Morten Vevatne svært fornøgde med.**



Dei unge bergensarane i "Of No Consequence" opna Festidalen-programmet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då "Of No Consequence" frå Bergen drog i gong festivalen klokka kvart på ni skjedde det ein time etter programmet, men det er heilt normalt under slike festivalar.



Husnes-bandet "Wave" var nummer to

Leiinga var heller ikkje det minste betenkt over det førebels dårlege frammøtet på dette tidspunktet, for det er også normalt – ikkje minst ved arrangement i Uskedalen.

Sveinung Mæland Pile minna om at det var selt 500 billetter på førehand to begge festivaldagane. Han heldt fast ved håpet om eit frammøte på 2.000 totalt – dobbelt så mange som i fjor.

på spelelista fredag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Pulikum blir slusa over Uskedalselva og inn på festivalområdet dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innrykket på den første Festidalen-campen var derimot godt allereie frå tidleg på kvelden. Campen er lagt på ridebana til Magne Huglen, som er svært godt eigna til føremålet og ligg berre 300 meter frå sjølve arenaen. Her var det grilling og kos i det fine sommarveret og i føremiddag slår arrangøren til med frokost til camparane!

I år er det ellers, i motsetnad til i fjor, organisert slik at publikum kjem inn frå andre sida av elva ved Dønhaughølen. Magne Huglens bru, som har vore havarert sidan flommen hausten 2005, er supplert med eit provisorium slik at kryssinga skjer smertefritt. Dette er eit ryddig og rasjonelt opplegg, ettersom all annan transport er konsentrert til Døsslandsido.

Ved kryssinga av elva er det ikke berre billettkontroll, det er også streng kontroll med at publikum ikkje tar med seg alkohol inn på festivalområdet. Tilsvarande er det streng kontroll på den andre sida av elva med at dei ikke ber med seg alkohol frå campen og inn.

Inne på sjølve festivalområdet tyda alt på at vaktmannskapa hadde ei grei oppgåve. Det var ingen disiplinære problem å observera.

Eit innslag som det ikkje vart noe av fredag kveld på grunn av den seine starten var filmframsyninga, men leiinga lovar to framsyningar i dag – i regi av filmklubben.

Av Ola Matti Mathisen



Grilling på den første Festidalen-campen fredag kveld: Dei tre er Hilde Kristine Hvidevold og Åshild Robberstad Næss frå Halsnøy og Magnus Wathne frå Haugesund. (Foto: Ola Matti Mathisen)